

Møtebok FR 14. des. 2023

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Torsdag 14. desember 2023 kl. 17:00
Opningsord: Liv Kari
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES:

Faste repr: Dag Sele (Stord), Knut Gram (Stord) Heine Kaldefoss (Nysæter), Tormod Stautland (Nysæter), Tom Knudsen (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg repr) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

Vararepr: Leif Steinar Alfsvåg (Stord) Sigrid Beate Tveit Eskeland (Stord), Nancy Aasheim (kommunal repr), Fridleif Lydersen (vara, geisteleg representant).

Soknerådsleiarane Anders Dahl (Stord) og Sigrid Theodorsen Langøy (Nysæter) var invitert med talerett.

FRÅVER: Jens Arne Stautland (Nysæter), Nils Dale Elde (Stord). Begge avtroppande fellesrådsmedlemer.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

Presentasjon av avtroppande og påtroppande sokneråd

2023/35 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/36 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 09. nov 2023

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/37 131 Økonomirapport pr. 30.11.2023

Rekneskapsrapporten pr. 30.11.2023 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2023/38 111 ØKONOMIPLAN 2024 - 2027

Handsaming av økonomiplanen for 2024-2027 vert utsett til 2024.

Samrøysta vedteke.

2023/39 112 Driftsbudsjett 2024.

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande strakstiltak:

Temperaturen i Stord kyrkje vert senka til 11 grader frå 1. januar 2024.

Temperaturen i Nysæter kyrkje vert senka til 18 grader frå 1. januar 2024.

Det blir dessutan ekstraordinært møte i Stord kyrkjelege fellesråd onsdag 10. januar for å drøfta og vedta både lengda av dette tiltaket, fleire sparetiltak og for å vedta eit driftsbudsjettet for 2024 i balanse.

Samrøysta vedteke.

2023/40 153 Kremasjonstilskot og fordeling til pårørande 2024.

Stord kyrkjelege fellesråd refunderer kr. 1.200 av kostnadane til pårørande pr. kremasjon.

Fellesrådet ber kyrkjevevja kontakta kommunedirektøren med tanke på å få auka totalsummen for stønad til kremasjon i 2025.

Samrøysta vedteke.

2023/41 273 DØGNET 12.-13.januar 2024.

Pga den økonomiske situasjonen vert Døgnet 12.-13. januar 2024 gjennomført i Nysæter kyrkje.

Samrøysta vedteke.

2023/42 002.32 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2024.

Dag Sele er valgt til leiar i Stord kyrkjelege fellesråd for 2024

Heine Kaldefoss er valgt til nestleiar for Stord kyrkjelege fellesråd for 2024

Samrøysta vedteke.

2023/43 002.33 Val av medlemmer i administrasjonsutvalet for 2024.

Leiar i fellesrådet, Dag Sele er valgt til medlem av administrasjonsutvalet for 2024.

Nestleiar i fellesrådet, Heine Kaldefoss er valgt til nestleiar for Stord kyrkjelege fellesråd for 2024

Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:


- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag og Anders
 - Konstituering av de nye soknerådet.
 - Oppnemning av representantar til dei ulike utvala.
 - For det meste handlar det om å komma i gong med arbeidet i soknerådet.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
 - Konstituering av de nye soknerådet.
 - Oppnemning av representantar til dei ulike utvala.
 - Det er stor utskifting av medlemmer i Nysæter sokneråd. Viktig med god informasjon og opplæring.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Utleige og generell bruk av Kyrkjestova har auka monaleg i 2023
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Anders
 - Generell orientering om historikk, reguleringsplan og eigarskap.

- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
- Nytt frå gravplassane.
 - Det kan bli ei utfordring at det frå 2026 ikkje ser ut for å vera fleire ledige kistegraver til disposisjon på Frugarden gravplass. Kommuneleiinga og politikarane er orienterte om situasjonen. Oppstart av Frugarden gravplass byggetrinn II er likevel ikkje framskunda.
I langtidsbudsjettet (investering) ligg kostnader knytta til prosjektering av denne utbygginga inne for 2026.
- Status rehabilitering Stord kyrkje.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 14.12. 2023
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Det vert ekstraordinært møte i
Stord kyrkjelege fellesråd
10. januar 2024 kl. 17:00
Sjå sak 2023/39